




HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305
Klubbnr. 12713

Månedsbrev for oktober 2012.

Årgang 48



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Jarle Kristiansen
Visepres: Karin S. Holstad
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Magnar Hatløy
Styremedlem: Bernhard Harkjerr
Styremedlem: Øystein Alme
Ansv.red.: Aage Nytun
Referent: Johan Ole Brandal

Fødselsdagar i september:

Sigbjørn Haddal 3. oktober
Idar Flø 18. oktober

LA HØSTVINDEN HVISKE.

La høstvinden hviske deg en hemmelighet
grip tak i den nyheten du får bevar dette øyeblikk
på netthinnen det er det eneste du får
I morgen når vind er blitt til regn
ligger bare druknede små tegn
som forteller at noe hendte her i går
men det er det ikke alle som forstår.

Marit Irene Jensen.

Måndag 1. oktober

Som vanlig opna møtet med song.

Etter dette hadde president Jarle Kristiansen nokre meldingar til dei fram møtte.

Mangeårige rotarymedlemmar Håkon Brekke og Hans Otto Riise er begge plaga av sjukdom, og ber seg fritekne frå alle verv i klubben.

Arne Lillebø søker permisjon i 2 år, ettersom han kjem til å opphalde seg mykje utanlands i denne perioden.

Onsdag 17.10 blir det guvernørbesøk på klubbhuset. Det blir servert krabbe og reker, med godt tilbehør og vi gler oss til å høyre og treffe guvernør Margit Bjugstad, i vårt distrikt, 2305.

Den tradisjonelle røyrafesten som vi vanlegvis kombinerer med guvernørbesøk, blir i november dette året.

Hans Gisle Holstad spurte presidenten om det var råd å flytte på guvernørbesøket, ettersom det denne veke er Hareidsstemne. Nettopp denne onsdagskvelden skal Stein P Aasheim vere på Ishavsmuseet i Brandal. Konklusjonen på spørsmålet var at guvernørbesøket må gå som planlagt.

Etter dette ga presidenten ordet til kveldens foredragshaldar, Anne Holstad frå Nordvest Forum, i Ålesund.

Anne er nylig tilsett daglig leiar i forumet, og kjem frå leiande stilling i Ulstein konsernet. Ho kunne fortelje at ho har arbeidd ca 20 år i næringslivet på Sunnmøre.

Nordvest Forum blei etablert av næringslivet på Nordvestlandet i 1989, med visjon om betre leiarar og betre bedrifter. Nordvest Forum skal vere næringslivet sitt eige senter for leiar- og organisasjonsutvikling. Alle dei store faggruppene i regionen er med, slik som møbel, skipsbygging, utstyrsleverandørar, skip og offshore, bergverk, kraft, fisk og finans. Det er ganske unikt at eigarane av dei store bedriftene samla seg om ei felles leiarutdanning av høg kvalitet, med støtte frå fagmiljø som NTNU, BI, HHS og UiO etc., der grunnsteinane er Kvalitet, Tyngde, Samhøyrighet, og Tilstadevering etter Behov.

Forumet tilbyr i hovudsak 3 kurs: Leiing i forandring, Leiing og samspel og Toppleiarprogram.

Leiing i forandring er leiarrutviklingsprogrammet som har til hensikt å utvikle gode leiarar og konkurransedyktige bedrifter.

Leiing og samspel skal gi deltakarane auka innsikt i eigen åtferd og preferansar i forhold til leiing og samhandling.



Toppleiarprogrammet inviterer leiarar med erfaring til å leie andre leiarar. Utvikling av det personlege leiarskapet går som ein raud tråd gjennom heile programmet, der deltakarane forventar resultat både for seg sjølve og verksemnda dei leiar.

Det er også mulig å skreddarsy bedriftsinterne- eller faglige fora. Alle kurs er tenkt å skulle stimulere til god leiing, nytenking, oppgåveorientering, relasjonsorientering, endringsvilje, motivasjon og skape positive framtidssbilde.

Å leie er ofte å leve med paradoks; Hærfø-

rar og kontaktperson, vere rettferdig og krevjande, klar og open, ta og gi ansvar og god framdrift der alle er med.

Vi takkar Anne for eit svært interessant foredrag.

Måndag 8. oktober

Etter opningssongen informerte presidenten om litt omrokking av komiteane, pga dei tidligare omtalte permisjonane. Ingar greip ordet og annonserte konsert i Hareidshallen, den 14. oktober, med Bigset blandakor. Dagens foredragshaldar var May Britt Roald frå Møre og Romsdal Fylke.

May Britt er rådgivar i fylket si satsing på entreprenørskap, Hoppid.no. Satsinga er eit samarbeid mellom Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og kommunane. Målet er å få til fleire og betre nyetableringar i fylket. Gjennom hoppid.no-kontora ute i kommunane, kan grundarane få råd og rettleiing i spørsmål knytt til etablering av eigen bedrift. Føremålet med hoppid.no er stimulere til entreprenørskap og hjelpe og støtte dei som har gode idear og gode prosjekt. Det er fokus på nyetablering og ein vender seg i stor grad til ungdom. Hareid sitt hoppid.no sitt kontor er på landbrukskontoret i Myrvåg.



Det er generelt mangel på gode, levedyktige prosjekt, difor arbeider hoppid.no også mot skulen, heilt ned til ungdomskulenivå.. Ein nyttar seg i stor grad av sosiale medier, og ynskjer å vere fødselshjelp for dei gode prosjekta, med folk som har evne og vilje. Det blir også fokusert på oppfølging av grunderar, som kan trenge hjelp også etter den hektiske oppstartsfasen.

Det har gått 4 år sidan starten, og ein ser gode resultat av arbeidet så langt.

Vi takkar May Britt Roald og MR Fylke for eit interessant foredrag.

May Britt Roald

Onsdag 17. oktober.

Guvernørbesøket i år var lagt til onsdag 17.10, og då medlemmane kom til klubbhuset denne kvelden blei dei møtt av eit festpynta lokale, festtemt forsamling og ein opplagd og feststemte president og guvernør. Kveldens hovudgjest var sjølvstilt distriktsguvernør Margit Bjugstad, med ektemannen som fylje. Også assisterande guvernør Per Arne Gjerdsbakk frå Herøy RK, og past distriktsguvernør Oddbjørn Øien frå Sula RK hadde teke turen til Hareid for å vere saman med oss denne kvelden.

Presidenten starta kvelden med å ynskje festlyden hjertelig velkomne, og inviterte så alle til å ta del i bordverset. Maten som var flott tillaga var krabbeshell og reker med godt tilbehør, og den smakte fortreffelig.

Etter maten framførte DG Margit Bjugstad eit forrykande og engasjerande foredrag. Tema for Rotary året 2012-2013 er **"Peace through service", Fred gjennom innsats**. DG Margit Bjugstad kjem frå Lillehammer Rotaryklubb, og er 66 år. I foredraget tok ho først føre seg Rotary sitt formål og verdigrunnlag. Vennskap, etikk, moral, leiarskap, og det å gagne andre. Verdsresident for året er Sakuji Tanaka, frå Yashi, Saitama i Japan. Han ber alle Rotarianarar om å arbeide for Fred, og det må begynne med kvar enkelt av oss, i familien, i klubben, i distriktet, i regionen og i nasjonen. Han er opptatt av at fred er noko vi må arbeide for, i alle fasar av livet. Vil vi ha fred i verda, må vi ta til med oss sjølve. Alle kan bidra, kvar på sin plass og på sin måte.

Guvernørbesøk 17. oktober.

Fredsbegrepet kan vere så forskjellig i folk og kulturar. Uansett korleis vi definerer begrepet fred, er det eit mål som kan oppnåast gjennom teneste. Fagre ord kan alle få til, men om ein kombinerer det med handling får orda mykje meir tyngde. Rotary sitt bidrag til fred har vore:

Arbeid for Fred og konfliktforbygging, sjukdomsførebygging, vassforsyning og miljøvern mm. Polio Plus prosjektet i Rotary har vart i mange år, men framleis er det tilfeller av polio i Nigeria, Afghanistan og Pakistan. Distrikt 2305 har samla seg om 3 hovudstrategiar:

Fremme forståing for Rotary sin innsats og forbetre Rotary sitt omdømme.

Behalde og auke talet på medlemmer.

Auka fokus på Service – prosjekt.

Omdømmebygging og medlemsutvikling heng nøye saman. Har Rotary et godt ord på seg, er det lettare å behalde og rekruttere nye medlemmar. Service – prosjekt, lokale og internasjonale, er sentrale i Rotary sitt arbeid. Det er gjennom disse vi verkeliggjer mottoet "Service above self".

The Rotary Foundation (TRF). Målet med TRF er å støtte RI sitt arbeid med å nå Rotary sine mål om verdsforståing og fred gjennom lokale, nasjonale og internasjonale humanitære-utdanningmessige og kulturelle program. John Stennes frå Hareid RK er leiar for TRF i distrikt 2305.

DG Margit Bjugstad slo også eit slag for humor og godt humør i Rotary samanheng.

Latter er smittsamt, sunt, forfriskande og heilt gratis. (I si enklaste form, i alle fall ☺)

Til slutt takkar vi presidenten, festkomiteen og distriktsguvernøren for ein flott og inspirerende kveld.



Årsmøte 22. oktober.

President Jarle Kristiansen yngste velkommen til årsmøte, og blei også valt til ordstyrar.
Past president Magnar Hatløy gjekk igjennom årsmeldinga for Rotaryåret 2011-2012.
Styret i klubben dette året var slik:

President	Magnar Hatløy
Innkomande president	Jarle Kristiansen
Sekretær	Arne G. Aschehaug
Kasserar	Johs. J. Hareide
Styremedlem	Karin Svendsen Holstad
”	Øystein Alme
Past President	Vigdis Riise
Revisor	Egil Utgård

Reorganisering av Rotaryklubbane i distrikt 2270,2280 og 2300. Reorganisering hadde verknad frå 01.07.11.
Hareid RK og klubbane her grensar no austover, til distrikt 2305, der den austligaste klubben er Eda Eidsskog, som har både norske og svenske medlemmer.

Årsmeldinga var systematisk og informativ, her gjentek vi berre hovudpunkta i stikkordsform;
Det har vore 2 presidentforum samlingar, som har vore leia av AG Per Arne Gjerdsbakk.

Når det gjeld medlemmer og frammøte så har klubben dei siste åra svinga rundt 50. No er talet 43 medlemmar, 5 kvinner og 38 menn, men det blir arbeidt med å auke medlemstalet igjen.

Aktiviteten i klubben har vore god. 3 bedriftsbesøk, 1 tur, 1 intercitymøte, 4 sosiale samvær, 18 foredrag, 3 møte med klubbarbeid, 2 dugnadar og årsmøte. Når det gjeld prosjekt så er det framleis Rotarystien som opp-tek oss. Vedlikehald og fullføring av del 2, mot Kaldholen har hatt høg prioritet. Frivillige som ikkje er medlemmar Hareid Rotary, har vore inviterte til dugnad saman med oss.

Klubben har også vore med i arbeidet med å gjenreise Kvernhuset, ved Hareidselva. Av sosiale samvære nemner vi Røyrafesten på Holesanden, krabbefest, juleavslutning og sosialt samvær i samband med presidentskifte. Hareid Rotary har ei god internett side, som gjer at kommunikasjon pr etc. blir godt teke vare på. Innbetaling til TRF var kr 10.500.

Klubben delte i året ut 2 Paul Harris Fellow utmerkingar, til klubbmedlemmane Ågot Riise og Sverre Bjåstad for deira mangeårige arbeid for lokalmiljøet. I tillegg til dette fekk Hareidsdølen Einar Arne Riise Paul Harris Fellow ved den Internasjonale Rotaryklubben i Marbella, Spania.

Vi gratulerer dei 3 mottakarane med prisane, og vonar tildelingane kan vere til inspirasjon også for andre som gjer verdfullt frivillig arbeid i Hareid.

Rekneskapen som var revidert av revisor Egil Utgård blei presentert av kasserar Johs. J. Hareide, og godkjent utan merknad.

Vi takkar Magnar for eit ryddig og flott årsmøte.

Rotarymøte 29. okttober.

Møtet var utgangspunktet programfritt, men sekretær Arne Gunnar Aschehoug hadde likevel eit kort innslag, der han gjekk gjennom frammøtereane i Hareid RK.

Dette er utsendt til medlemmane i mail.